



VESTFOLD, TELEMARK OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 25/00340-1
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Årsrekneskap 2024 for Fyresdal kommune - kontrollutvalet si uttale

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fyresdal kontrollutval	05.06.2025	11/25

Fyresdal kontrollutval har behandlet saken i møte 05.06.2025 sak 11/25

Møtehandsaming

Økonomisjef Kjersti Bergland orienterte om kommunens årsrekneskap for 2024, og svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene.

Oppdragsansvarleg revisor Ingebjørg Nordby Vibeto kommentera i saka.

Omforent tillegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber administrasjonen vurdere sine rutinar kring arbeidet med avslutninga av årsrekneskapen, med fokus på kapasitet og kompetanse. Dette for å kunne avlevere rekneskapen innan fristane. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren komme attende til kontrollutvalet til hausten for å gje ei orientering.

Votering

Samrøystes for sekretariatet sitt forslag, samt omforent tillegg til vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet sin uttale til Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2024:

Kontrollutvalet har handsama Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024. Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 657 275.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 23.05.2025. Revisor har avlagt ei revisjonsberetning med atterhad. Atterhaldet er beskrive i revisor sitt nummererte brev nr. 4. Etter revisors oppfatning er det ikkje gjort greie for vesentleg meirforbruk i årsmeldinga til kommunedirektøren.

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2024.

Kontrollutvalet tilrår at Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert godkjent.

Uttala vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

2. Kontrollutvalet ber administrasjonen vurdere sine rutinar kring arbeidet med avslutninga av årsrekneskapen, med fokus på kapasitet og kompetanse. Dette for å kunne avlevere rekneskapen innan fristane. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren komme attende til kontrollutvalet til hausten for å gje ei orientering.

Årsrekneskap 2024 for Fyresdal kommune - kontrollutvalet si uttale

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet sin uttale til Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2024:

Kontrollutvalet har handsama Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024. Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 657 275.

Revisor har lagt fram revisjonsmelding 23.05.2025. Revisor har avlagt ei revisjonsberetning med atterhad. Atterhaldet er beskrive i revisor sitt nummererte brev nr. 4. Etter revisors oppfatning er det ikkje gjort greie for vesentleg meirforbruk i årsmeldinga til kommunedirektøren.

Kontrollutvalet har hatt jamleg oppfølging med revisjonen gjennom året og i samband med årsoppgjeret. Kontrollutvalet har ikkje blitt kjent med forhold som bør ha betydning for kommunestyret si godkjenning av årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2024.

Kontrollutvalet tilrår at Fyresdal kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert godkjent.

Uttala vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Saksopplysningar

Det følgjer av kommunelova § 14-3 at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet eller fylkesutvalet innstiller til vedtak.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva uttala skal innehalde. Korkje kommunelova eller forskrifta om kontrollutval og revisjon stiller konkrete krav til kva uttala skal innehalde, utover at han skal knyte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding. Sjå òg sekretariatet sine kommentarar under merknader.

Fyresdal kommune sin årsrekneskap vart lagt fram for revisjonen etter fristen. Revisjonen blei difor ikkje ferdige med revideringa innan sin frist 15.04.25. Det vart difor sendt ut ei foreløpig revisjonsmelding den 15.04.25. Revisjonsmeldinga avlagt 23.05.2025 erstattar denne. Revisjonsmeldinga datert 23.05.2025, og er ei revisjonsmelding med atterhald. Det vil seie at revisor gjennom sitt arbeid har avdekt vesentlege manglar som har medført atterhald i revisjonsmeldinga.

Revisor har gjennom sitt arbeid avdekka at bevilgningsoversikt investering viser vesentleg meirforbruk på prosjekt Århusmoen - bustadutvikling med kr 2 446 933. Bevilgningsoversikt drift viser vesentlege budsjetttavvik på rammeområda stab og økonomi, plan og teknikk og finans. Disse rammeområda hadde i 2024 et netto meirforbruk på henholdsvis kr 24 724 174, kr 4 230 458 og kr 2 087 580 i forhold til regulert budsjett. Budsjetttavvika har oppstått på rekneskapslinjer for både driftsinntekter og -utgifter. Det er etter revisors oppfatning ikkje i tilstrekkeleg grad gjort greie for meirforbruket i kommunedirektørens årsmelding, slik kommunelova § 14-7 krev. Forholdet er beskrive under «grunnlag for konklusjon med atterhald» i revisjonsmeldinga og i revisor sitt nummererte brev nr. 4.

Økonomisjef Kjersti Bergland møter i kontrollutvalet for å presentere årsrekneskap og årsmelding 2024 for Fyresdal kommune. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Ingebjørg Nordby Vibeto kan svare på eventuelle spørsmål til revisjonsberetninga.

Sekretariatet si vurdering

Sekretariatet gjer merksam på at kontrollutvalet i utgangspunktet står fritt i kva uttala til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalde. Sekretariatet vil likevel peike på at formålet med uttala frå kontrollutvalet primært er å gi innspel til kommunestyret og formannskapet si handsaming av årsrekneskapen og årsmeldinga. Det gjer at forhold som er knytte til økonomiforvaltning, svakheiter i rutinar og liknande som kontrollutvalet er blitt kjent med, t.d. gjennom oppfølginga gjennom året med revisor, berre bør omtalast i uttala i den grad kontrollutvalet meiner at desse forholda må få betyding for godkjenning av årsrekneskapen/årsmeldinga i kommunestyret. Forhold knytte til internkontroll og økonomiforvaltning som ikkje påverkar godkjenninga av årsrekneskapen/årsmeldinga bør handterast av kontrollutvalet som eigne saker som eventuelt også vert oversendte til kommunestyret for handsaming.

Sekretariatet gjer vidare merksam på at kravet om å uttale seg til årsrekneskapen og årsmeldinga gjeld krava til innhald i årsrekneskap og årsmelding slik dei følgjer av kommunelova med tilhøyrande budsjett- og rekneskapsforskrift. Uttalen dekkjer ikkje finansrapportering eller annan frivillig omtale administrasjonen har teke inn utover dei lov- og forskriftsbestemte krava til innhald i årsmeldinga.

Sekretariatet registrerer at revisor har lagt fram ei revisjonsmelding med atterhad. Atterhaldet Etter sekretariatet si meining vil atterhaldet ikkje ha betyding for kontrollutvalet si godkjenning av årsregnskapet. Sekretariatet er heller ikkje kjent med at det gjennom året eller i samband med revisor si oppsummering av arbeidet med årsoppgjersrevisjonen har kome fram andre forhold som tilseier at kommunestyret ikkje bør godkjenne årsrekneskapen eller årsmeldinga slik dei er lagde fram.

Sekretariatet tilrår å gi ei uttale slik det går fram av forslag til vedtak.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2024
- Årsmelding 2024
- Foreløpig beretning
- Revisjonsmelding 2024
- Nummerert brev nr. 4.